

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for

Utviding av Mørkvassjuvet naturreservat,
Kviteseid, Nome og Drangedal kommunar

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
desember 2025

Innhold

1. FORSLAG.....	3
1.1 Heimelsgrunnlag	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	4
1.3 Andre interesser.....	5
1.4 Planstatus.....	5
2. SAKSHANDSAMING	5
2.1 Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2 Forholdet til utredningsinstruksen	5
2.3 Forvaltningsmyndighet	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1 Namn.....	6
3.2 Avgrensing.....	6
3.3 Verneforskriftene	6
4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK	7
5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR	7
5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
5.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	8
5.4 Forvaltningsmynde	8
6. Beskriving av kvart enkelt område med merknader.....	8
Utviding av Mørkvassjuvet, Nome og Kviteseid kommunar	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av ein utviding av Mørkvassjuvet naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Utvidinga foreslått som endring av eksisterande verneforskrift.

Tilrådinga omfattar 1058 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 938 dekar, og av dette er 938 dekar produktiv skog.

Områda som blir foreslått verna, er:

1. Utviding av Mørkvassjuvet naturreservat i Kviteseid, Nome og Drangedal kommunar, Telemark fylke. Utvidinga ligg i Kviteseid og Nome kommunar.

1.1 Heimelsgrunnlag

Område blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Område blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Dei foreslåtte verneområda inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Dei foreslåtte verneområda har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for områda knytt til raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå

- *Restad, J. og Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Mørkvassjuvet NR (utvidelse-Flåvatn), registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.*
- Naturbase
- Artskart

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i områda som blir foreslåtte verna er hogst, mineralutvinning, kraftutbygging og andre utbyggingar som t.d. hyttebygging. Vern av dei foreslåtte områda skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskriftene opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i områda.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldslovem kapittel II, blir det vist til omtalen av kvart enkelt verneområde i kapittel 6.

Dersom områda ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ikkje kraftleidningar i dei to områda som er utvidinga. I eksisterande reservat finst kraftleidningar, og verneføresegnane er tilpasse dette.

Utvidinga inneber at verneområdet vil grense til Flåvatn. Flåvatn, Kviteseidvatnet og Bandak er same reguleringsmagasin under namnet Bandak som er knytt til Hogga kraftverk. Kraftverket ligg 2 km vest for Lunde.

Det er registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor eksisterande naturreservat (KRvid 016.z_1514), men ikkje i arealet for utviding.

Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomst innanfor dei to områda som er innanfor utvidinga.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Kviteseid og Nome kommunar sine arealplanar.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Utviding av Mørkvassjuvet naturreservat	12.08.2019 20/53-54 2020 115/29	19.05.2023	04.06.2025

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for dei enkelte områda frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Det har under høyringane kome innspel som foreslår utviding av namnet. Statsforvaltaren tilrår å behalde namnet Mørkvassjuvet naturreservat.

3.2 Avgrensing

I oppstartsmeldinga var arealet på gbnr 115/29 i Nome ikkje med, men vart tatt med i høyringa. Ein dom i Agder lagmannsrett (LA-2019-25738) gjev to grunneigarar vegrett over 115/29. På vestsida av elva er det ikkje opparbeida veg, men det kjem fram i dom og fråsegn at det vert kjøyrd på stranda. Sidan det i eit naturreservat ikkje kan kjøyrast med traktor i terrenget, er det grensa ut 18 m frå vasslinja. Dette er same avstand som tidlegare er grensa ut på eigedom 115/1.

Det er og gjennomført mindre endringar i avgrensingar etter høyring der gjennomgåande traktorveggar er grensa ut.

3.3 Verneforskriftene

Sidan eksisterande forskrift er yngre enn naturmangfaldlova, blir berre §1 formålsparagrafa og § 2 geografisk avgrensing endra. Sidan forskrifta er på bokmål, blir endringane gjengitt slik.

§1 skal være:

Formålet med naturreservatet er å bevare et område i sørboreal sone som

a. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur i form av lågurtedellauvskog, frisk rik edellauvskog og høgstaudegranskog samt flere arter innenfor flere organismegrupper

b. har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av gammel skog, grove trær og mye død ved

Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.

§2 skal være (endringer i kursiv)

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr.:

Nome kommune: Gnr./bnr.: 115/1, 115/2, 115/7, 115/13, 115/15, 115/16, 115/28, 115/29, 115/77, 115/81, 117/4, 117/6, 117/28, 118/1 og 118/28.

Drangedal kommune: Gnr./bnr.: 1/1 og 1/10.

Kviteseid kommune: Gnr./bnr.: 20/53, 20/54.

Naturreservatet består av to delområder, Mørkvassjuvet og Londalen sør, og dekker et areal på ca. 25603 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert *Klima- og miljødepartementet* De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Drangedal, Nome og Kviteseid kommuner, hos Statsforvalteren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir endra som følgje av den nye verneplanen:

Forskrift 17.12.2010 nr.1615 om vern av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome og Drangedal kommuner, Telemark

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i områda er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan

verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaga vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiene. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Alle områda som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Dei blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

5.4 Forvaltningsmynde

Verneområdet berører fleire kommunar, og det er derfor ikkje aktuelt med tilbod til kommunane om forvaltningsmynde for området.

6. Beskriving av kvart enkelt område med merknader

Utviding av Mørkvassjuvet, Drangedal, Nome og Kviteseid kommunar

Totalareal 1 058 dekar. Arealet etter utviding blir 25 603 daa

Skogareal totalt 941 dekar.

Produktiv skog 941 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Formålet med naturreservatet er å bevare et område i sørboreal sone som a. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur i form av lågurtedellauvskog, frisk rik edellauvskog og høgstaudegranskog samt flere arter innenfor flere organismegrupper b. har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av gammel skog, grove trær og mye død ved. Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.

Dei 30 måla med utviding som ligg på Grimnesodden er ikkje kartlagde gjennom naturtypekartlegging. Omtalen som følgjer er i stor grad henta frå kartleggingsrapporten, og omtalar utvidinga i Kviteseid kommune. Utvidinga omfattar bratte nordvendte lier av Groafjellet. I øvre del av lia finst det mykje stup og svært bratt terreng, med glissen tresetting. Det er mykje rasmark, blokkmark og steinur, og tre bekkekløfter – ei i vest, ei i aust og ei omtrent midt i lokaliteten. Lengst vest i området og på toppen av Groafjellet i sør flatar området noko ut. Øvre delar av området består av amfibolitt, amfibolgneis og metagabbro. Nedre delar består av granittisk gneis, granitt og

granodioritt. Lausmassane består hovudsakleg av eit tynt dekke med morenemateriale, men med bart fjell og stadenvi tynt dekke heilt aust i lida og på toppen i sør.

Vegetasjonsgeografisk høyrer området til seksjon OC. Vegetasjonssonene fordeler seg slik: boreonemoral 10 %, sørboreal 80 % og mellomboreal 10 %.

Gamal, rik edellauvskog er viktige leveområde for ei rekkje artar, og her er det høgt potensial for fleire raudlista og krevjande artar knytte til daud ved, markbuande sopp på rik mark med hassel og lind, og krevjande insekt i partia med gamle hule tre, mykje daud ved og rik og varierende karplanteflora. I den gamle granskogen er det òg høgt potensial for krevjande artar der det finst mykje daud ved og rikt jordsmonn. Av raudlista artar, utanom alm, ask og barlind som alle er vurderte som sårbare (VU), er det gjort funn av 2 sterkt truga (EN), 2 sårbare (VU), 12 nær truga (NT) og 1 ikkje vurdert (NE) art. Til saman 20 raudlista artar.

Alm-lindskog og rasmak-almeskok høyrer til den raudlista naturtypen frisk, rik edellauvskog (NT) og dekkjer meir enn 500 måla av arealet i aust (verdi A). Det finst òg små parti med lågurt-hasselkratt som inngår i den raudlista naturtypen lågurtedellauvskog (VU). 25 måla av lokaliteten er kartlagd som naturtypen gamal granskog (verdi B) med utforming som gamal låglandsgranskog (60 %). I tillegg inngår rik barskog med utforming lågurtgranskog (35 %) og små areal med rik blandingsskog i låglandet med utforming sørboreal blandingsskog (5 %). Den raudlista naturtypen fosseberg (VU) inngår ved Groa sør i lokaliteten.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Fra Gården Groa i vest går det traktorveger inn i verneområdet som forgreiner seg. Ein går ned til Mikkeltstø, og ein annan i sløyfe opp langs bekken Groa. Rundt 1980 var det hogd i desse områda, og dette er skog som i dag er hogstklasse 3. Områda er med i verneplana da det er høg bonitet, og ligg ned mot Flåvatnet.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen ble i tillegg til de sentrale høyringspartane sendt på høyring til grunneigarar, Seljord Skogeigarlag, Seljord Turlag, Seljord Jakt og Fiskelag, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid Løypelag, Kviteseid Turlag, Kviteseid Skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Sundsbarm kraftverk DA, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Telemark Energi AS, Notodden Energi AS, Everket AS Notodden, Telemark Nett AS, DE Nett AS, Småkraft AS, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening, Aust-Telemark Sau og Geit, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening,

NTNU Fakultetet for naturvitenskap, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Statens Vegvesen Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kome inn 8 høyringsfråsegn til verneforslaget. I tillegg tek vi med oppstartsmeldingane frå Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning sidan dei ikkje har uttalt seg til høyringa. Etter høyringfrista 1. august 2025 har det kome to innspel -frå grunneigar av 115/1 og 115/29. Dei er formelt ikkje behandla som høringsfråsegn sidan dei kom etter frist. Det går på at ein dom i Agder lagmannsrett (LA-2019-25738) gjev to grunneigarar veggrett over 115/29. På vestsida av elva er det ikkje opparbeida vegg, men det kjem fram i dom og fråsegn at det vert kjøyrd på stranda. Sidan det i eit naturreservat ikkje kan kjøyrast med traktor i terrenget, er det grensa ut eit belte på 18 m frå vasslinja. Dette er same avstand som tidlegare er grensa ut på eigedom 115/1. Grunneigar av 115/29 er ikkje samd i ei slik utgrensing og nemnar m.b. at det er her finst «uberørt vegetasjon helt ned til Flåvann».

Direktoratet for mineralforvaltning (oppstartsmelding- brev dagsett 30.06.2023): Branås, Eidsbøgleivae – Gjuvstøvli, Heggeneset, Jønjlil, **Mørkvassjuvet**, Omnflug, Skriuffjellet, Skuleholmfjellet, Stormyråsen, Storås, Tjuvberget, Øverland og Ånås DMF kan ikkje sjå at det føreslegne vernet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift innafor desse områda. Her har vi derfor ingen merknader.

Landbruksdirektoratet (oppstartsmelding- brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høyringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

Bane NOR har ingen merknader.

Lede har ikkje områdekonsesjon i verken Kviteseid eller Notodden kommune, der utvidinga av Mørkvassjuvet naturreservat er føreslått plassert. Vi ber derfor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonærar, DE Nett AS og Føre AS, for føresegner. Lede eig og driftar anlegg som er etablert i samsvar med anleggskonsesjon innan kommunane. Nettanlegg som vert drifta i samsvar med tildelte anleggskonsesjonar har god avstand til verneområdet.

Statnett: Utviding av de fire naturreservatene Mørkvassjuvet, Omnflug, Fjellstulfjellet, Kivledalen og Spådomsnuten i Kviteseid, Nome, Notodden og Seljord kommuner, berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Statnett har derfor ingen bemerkninger.

Forsvarsbygg uttalar seg med den hensikt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser. Høringsforslaget omfatter fire ulike områder. For området Mørkvassjuvet er det ikke inkludert unntak for landing og start med Forsvarets luftfartøy i foreslått forskrift for området. Dette er inkludert i de øvrige områdene. Unntaksbestemmelse for Forsvarets operative virksomhet er inkludert i alle forslagene til forskrift. Vi har ingen ytterligere merknader til høringsforslaget.

Språkrådet: Det verneområdet som ber namnet Mørkvassjuvet naturreservat, er det tale om å utvide med to tilleggsteigar. Den største av dei tillagde teigane ligg i liene rundt Groafjellet i Kviteseid kommune. Me meiner at ein bør vurdere å late det utvida verneområdet få namnet Groafjellet og Mørkvassjuvet naturreservat. (Skrivemåtane Groafjellet og Mørkvassjuvet er registrerte som eineformer i SSR.)

Nome kommune: (del av fråsegn). *Nome kommune har ingen merknader til selve utvidelsen av Mørkvassjuvet naturreservat. Vi ser i saken at det er oppgitt at Miljødirektoratet har kjøpt arealet på 30 daa, på gbnr 115/29 ved Grimnesodden, som skal inngå i utvidelsen av Mørkvassjuvet i Nome kommune. Vi ønsker å informere om at dette arealet er en del av en eiendom som har fått dispensasjon fra kommuneplanens arealdel til å fradele to fritidseiendommer i tillegg til arealet som skal vernes. Et av vilkårene i tillatelsen er at oppmåling/ matrikkelføring må gjennomføres innen 3 år. Denne fristen utgår i midten av september 2025.*

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): *Utvidelsen grenser til høyeste regulert vannstand (HRV) til Bandak magasinet. Magasinet reguleres i forbindelse med vannkraftproduksjon i Hogga kraftverk som eies av Statkraft AS. Skiens Brukseierforening er tiltakshaver av reguleringen. Vi ber Statkraft AS og Skiens Brukseierforening om å uttale seg om behovet for anleggsarbeid, skogrydding og ferdsel i verneområdet i forbindelse med regulering av Bandak. Når vernegrensen går ned til reguleringsmagasinet kan det oppstå konflikt mellom vern og vannkraftreguleringen. Vi ber om å vurdere å åpne for motorferdsel i forbindelse med tilsyn, drift og vedlikehold av reguleringsmagasinet. Det kan oppstå behov for skogrydding, erosjonssikring og andre nødvendige tiltak i forbindelse med reguleringen av magasinet. Vern er et varig tiltak og vi ber om å tilrettelegge for behovet knyttet til eksisterende reguleringen slik at regulanten får oppfylt sine plikter og rettigheter. Vi foreslår at det gis unntak for tiltak ved akutte behov som kan føre til skade for miljø, eiendom og mennesker. For planmessige tiltak ber vi om å legge en spesifisert dispensasjon i §7 verneforskriften.*

NVE har lagt ved et eksempel på føresegner.

Det går en 420 kV transmisjonslinje Holen-Rød gjennom allerede vernet området. Verneforskriften har standardbestemmelser for energi- og kraftanlegg. Lede AS har uttalt seg og informert at det de ikke har noen eksisterende nettanlegg eller planer om å etablere nye anlegg i verneområdet. Vi ber omradekonsesjonæren DE Nett AS om å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med noen eksisterende eller planlagte anlegg i verneområdet

Telemark nett: *Me ber om at standardbestemmelsene for nettanlegg inkluderes i verneforskriftene for disse områdene, slik at drift, vedlikehold og oppgradering av eksisterende nettanlegg kan gjennomføres.*

Statsforvaltarens Kommentarer:

Fråsegn frå Statnett SF, Bane Nor SF, Lede AS , Telemark Nett, og Direktoratet for mineralforvaltning vert tekne til etterretning.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvalteren kommentere at området som vert foreslått verna ikkje har støl/seterbusetnad. Hytter, stølar og skogshusvær ligg på utsida av tilbodsområde. Området har ikkje lenger aktiv landbruksdrift. Det er teke høgde for beite og gjerdehald i verneforskrifta.

Forsvarbygg meiner det ikkje er inkludert unntak for landing og start med Forsvarets luftfartøy i foreslegne forskrift for området. Gjeldande forskrift er frå 2010, og har naturleg nokon avvik frå dagens forskriftsmal. Men gjeldande forskrift for Mørkvassjuvet har i som forskriftsmalen eit unntak for militær operativ verksemd i §6 første ledd. Ordlyden er ikkje vesentleg ulik dagens mal, og vi meiner det ikkje er naudsynt å endre.

Språkrådet meiner vi må vurdere å late det utvida verneområdet få namnet Groafjellet og Mørkvassjuvet naturreservat. I oppstartsmeldinga hadde ikkje Språkrådet merknader til namnet Mørkvassjuvet. Statsforvaltaren ønskjer ikkje å endre namnet på området etter høyring med mindre det tungtvegande grunnar. Her er det utviding av eit frå før stort eksisterande reservat der utvidinga vil være på ca 4 % av totalarealet.

Nome kommune har gitt dispensasjon for frådeling av to tomter på gbnr 115/29 Grimnesodden. Dette er en eigedom som er med i verneforslaget og som direktoratet ønskjer å kjøpe ein del av (Mdir ref 2019/4037). Etter at kommunen ga fråsegn i sommar, har vi i oktober 2025 fått opplyst at tomtene er oppmålt i felt og berre matrikkelføring står att.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): Kva gjeld omsyn til erosjon over HRV, har ikkje Statkraft som regulant uttalt seg til dette. Vi har vært i kontakt med dagleg leder og styreleiar i Skien brugseierforening, som seier dei ikkje har interesser så høgt opp i vassdraget. Verneområdet vil ikkje omfatte areal mellom hytter/hus og innsjøen Flåvatn. Dette talar for at det er mindre aktuelt med erosjonstiltak i verneområdet, og Statsforvaltaren vel å ikkje ta erosjonsforebyggjande tiltak inn i verneføreseigna. Det kan nemnast at slike føresegn heller ikkje ligg i eksisterande forskrift sjølv om reservatet før utvidinga grensar til Flåvatn.

Statsforvaltarens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Mørkvassjuvet i Drangedal, Nome og Kvitseid kommunar

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner samla.